

Møtereferat

Arbeidsgruppa for finansiering av privatarkiv – 1. møte

Dato: 2016.02.23

Deltakarar: Janet Birkedal Martin, Liv Ramskjær, Tom Oddby, Nina Hveem Carlsen, Gunnar Morsund, Ellen Røsjø (deltok første timen)

Møtet starta med ein presentasjon av prosjektet ved Ellen, som deretter trakk seg frå møtet

Deltakarane snakka deretter laust om problemstillingar ved status for privatarkivarbeidet i dag fram til lunsj.

Status institusjonar:

4 institusjonar får i dag fast årlig støtte frå staten. Alle er såkalla emnebaserte arkivinstitusjonar. Ein av disse – NOGA – er lokalisert saman med Statsarkivet i Stavanger. To - Misjonsarkivet og Skeivt arkiv - er lokalisert til høgskular. Arbark, som er den eldste og største, er lokalisert til LOs sentraladministrasjon. Tre av disse: Arbark, Misjonsarkivet og NOGA har ein relativt stor del som eigenfinansiering i tillegg til den statlige støtta.

LAB får ein fast årlig stønad frå Bergen kommune

Ingen andre privatarkivinstitusjonar mottar fast årlig offentlig stønad, men mange institusjonar (arkiv, museum og enkelte bibliotek) tar hand om arkiv etter privat verksemd, men med klare avgrensingar i forhold til mengde.

Status støtte:

I tillegg til fast statlig støtte til 4 institusjonar, blir det gitt prosjektstøtte via arkivverket og Norsk kulturråd.

Status planarbeid:

Det er etablert eit nettverk med fylkeskoordinerande institusjonar for privatarkivarbeid. Desse institusjonane har ingen økonomisk støtte for sitt arbeid, og der er då sjølvstilt ingen grunnlag for å pålegge dei arbeidsoppgåver. Enkelte institusjonar som arbeider med privatarkiv har laga bevaringsplanar for arbeidet. Nokre regionar/ fylker har laga samarbeidsavtalar for arbeidet med privatarkiv der dei fordeler arbeidet mellom seg.

Målsetting:

Vi må arbeide for å få etablert ein grunnmur i arbeidet med privatarkiv. Denne grunnmuren inneheld årlig offentlig stønad, og tilgjengelige arbeidsressursar som har den rette kompetansen. Med denne kan ein tydeliggjere ansvar. Staten bør ta hovudansvar her, men gjerne gjere denne avhengig av at fylker og kommunar også tar sin del.

Over denne grunnmuren bør det vere eigenfinansiering og prosjektstønad.

For å få grunnmuren på plass bør institusjonar kunne vise til ei eigenfinansiering og eit faglig nivå til å handtere materialet. Bør storleiken på stønaden knyttast opp til magasinkapasitet eller til ordning/ registrering av arkiv? Sannsynligvis magasinkapasitet.

Vi må fokusere på bransjevise sektorar for å nå betre fram på eigenfinansiering. Korleis? Sjå på gode eksempel.

Vi må prøve å få tak i (meir) tippemiddel enn prosjektstønaden vi har i dag.

Prøve å selje inn den svenske kronofogd-modellen

Fortsette med arbeidet med grunnmuren på neste møte, 31. mars 2016. På Oslo byarkiv?